

Forteljing om oppvekst og ungdom

Av Karl Jørgen Knutson
Åkre
(1878-1964)

Nedskrive ca 1960

Til slutt tek eg med ei lita faksimile av teksten som Karl (bestefar min) skreiv i 1960. Dette for å vise handskrifta og avslutninga av forteljinga.



Morbror min var skipper på ei storskøyte. Ein dag kom han inn fraa Storegga etter ein 4 vekers tur, og la skuta bakk tett oppunder land og eg fekk koma ombord og vera med til byen.

At mor døydde fra meg gjorde so sterkt og aalvorsamt inntrykk paa meg at det har vart heile livet.

Overtru var det nokk mykje av millom gamle folk, men det døydde etter kvart burt daa eg voks opp.

I barneskulen var det 2 klasser, kring 30 elevar i klassa. Skulestova var i eine enden av bustadhuset til læraren og var høgge millom golv og loft enn i huset forøvrig. Stort sett var interessa millom borna god. Alle møtte kvar dag sosandt dei var friske. Ein eller to framhaldskular gjekk rundt i komuna og det var av og til so mange elevar at det vart 2 klasser. Eg var serleg interessert i soga, geografi, norsk skriftleg og religion. Av lærarar hugsar eg best Anders Grytnes, lærar i Åkre krins og klokkar i Austnes kyrkja. Eg kan og nemna Laurits Rørvik som var læraren min siste aaret mitt i barneskulen og han Olaus Alme i framhaldsskulen. Vinteren 1899-1900 gjekk eg Møre folkehøgskule i Ørsta. Styrar Andreas Austlid og lærar Olav Åsmundstad, Olav Hammer og Ragna Vartdal. Dette fyrste aaret denne skulen gjekk var det dårlege tilhøve med hus og

læremidlar. Men lærarane gjorde godt og trusøkje arbeid. Me elevar fekk baade teoretisk og aalmen lærdom som har kome oss til stor og god nytte i livet.

I barneskulen forekom det lekamleg straf av og til. Det kunde vanke haarlugg og knip i øyra og ein øyrefik dersom nokon hadde gjordt noko særst galt. Eg vart konfirmert 1893 av sokneprest R. Moe i Austnes kyrkja. Førebuinga var aa møta fram paa Kjerstad prestegard 1 dag i veka. Og dei to siste vikene før konfirmasjonen maatte alle konfirmantar bu på Løvsøya og gå kvar dag til overhøyring i prestegaren. Synet paa konfirmasjonen var etter mitt skyn meir aalvorligt og personlegt og sette merke etter seg for livet.

17 aar gamal kom eg i tenesta 1 aar hjaa ein gardbrukar. Etter den tid vart det sjøen og fiskeri inntil eg var 27 aar, daa vart eg los ved Ulla stasjon og etter den tid vart all interesse samla kring losyrkjet. Seinare skulegonge var forutan folkehøgskule, navigasjonsskule og losoplering. Kameratar vart alle unge gutar eg kom i lag med i arbeidslivet, i skulen og i heimbygda, og det var den tid meir greie og rettlinja gutar og gjenter etter som eg ser det no. Tidtrøyte gjekk mykje ut paa og samlast i stova og driva med småleikar og morostubbar når det ikkje var eitt eller anna møte på skulehuset. Det var av og til dans (svingom) men det var alltid berre ungdom som hørde garden til som var med på desse leikar og dansar på laurdagskveldar og sundagskveldar når der ikkje var eitt eller anna møte på skulehus eller bedehus.

Om vinterkveldane var det skymingstide etter nonsmaten og so tok kveldsarbeidet til. Det var mest vøling av fiskevegn og sjøbruk, men det kunde vere skoarbeid eller treredskap.

I barneaara var det daa mor og far og syskjen som laag hjarte nest, men der kunde vere ein eller fleire av granneborna som ein hadde særst godhug for, forutan bestemor og bestefar. Naar det gjeld ungdomselsk so gjekk eg nok ikkje fri for det eg helder. Men eg var inkje av dei som gjekk fraa den eine til den andre. Det kom til slutt til aa samle seg om den eine, som eg lenge hadde hatt i tankane og som eg framom alt maatte vinna. Og so laga det seg slik at då det kom til det kritiske punkt at eg måtte segja fram det eg bar på, kom ho meg i møte med opne armar.

Å lesa bøker og aviser har alltid vore kjært. Av bøker har nok skjønitteratur hatt største rom. Deretter reiseskildringar,

oppfinningar som angjekk mitt yrke, so var det ymse religiøse og kristelege bøker, men framum alt bibelen. Av aviser var det fyrst og fremst den lokale dagspresse "Menneskevennen", "Syttende mai" og "Syn og segn" i mange år, og ein del mindre kristelege og misjonsblad. For song var eg med i blandakor i ungdomsåra. Eg var ikkje musikal, men likte musikk. Var med i ungdomslag (frisinna), i fråhaldslag, redningsforening og venstreforening.

Av reiser var det mest langs kysten mellom Bergen og Trondheim og fjordane på denne landsluten. Ellers med bil og bane gjennom Gudbrandsdalen til Oslo, Hallingdal og Vestfolds byar og bygder, Austfoldbyane til Halden og Svinesund og bygder rundt om der.

Sommarsporten dreia seg mest om sigling og roing. Men det var og fjellturar og ymse tevlingar eller leikar som me kalla det den tidi. Vintersporten var det mindre av. Det meste var med isskeiser, men her var berre demmer og tjønner å renne på. Skisport var det lite og inkje av.

Militærtjenesta var 3 år i infanteriet. Eg gjekk ut av militærtjenesta då eg i 1905 vart los. Læretida var 24-30 dagar for året.

Nye oppfinningar som kom so og segja dagstøtt frå tida kring hundreårsskiftet, sette ofte undring og tildels støkk i folk, og gamalt folk spådde ille om storparten av det. Unge folk tok imot dei med von og tru ettersom tida gjekk. Møte med vidkjende personar var det nok mindre av. Men for å nemne noko, so fekk eg då sjå og var i nærleiken av både keiser Vilhelm og prinsen av Wales som vart kong Georg av England, og so vår eigen kong Haakon 7. Men snakka med dei har eg ikkje. Andre store og vidkjende personar var eg sjøldå i møte med. Men eg har då snakka gjennom tolk med ein av dei store tyske admiralar då eg losa den store tyske panserkryssaren "Seidlits" på 31000 tonn inn til Åndalsnes i 1914. Denne personen var vel truleg vidspurd, for han var sjef for den tyske Østersjø-flåten. Og så har eg sett og høyrte Bjørnstjerne Bjørnson tale i Ålesund. Eg var nok berre 13-14 år då, og var i lag med far. Han var den største og mest vidkjende eg har høyrte og sett, og det inntrykk eg fekk, har ført til at eg har lese Bjørnsons samla verker fleire gonger.

Klede og sko var i mine barneår virka og laga heime. Det var storparten ullklede men der var eitt kleplagg dei kalla

striskjorte, den var laga av strie, som dei spann sjølv. Men bomullklede kom etter kvart i bruk frå kring 1885. Vadmelstrøya kom og ut av moten. Og so vart det etter kvart finare kjøpety til dressar og kjolar og anna klede. Sko og styvlar var av feittler og vart laga heime. Det var dei fleste karar som greidde å saume både sko og styvlar men der var berre enkelte karar som greidde og skjere fint og rett ut overleret. Huda eller skinnet av ku, kalv og hest og sau og geit og la dei i ei elv om hausten og fekk dei røytt (håra av) og so var det i barkekaret. Desse to prosessane tok månadstid og so vart dei smurd inn fleire gonger med lyse eller tran. Geiteskinna vart handsama på same måte, og vart brukt til sjøklede (skinnbukse og skinnstakk). Men ut igjennom nittiåra kom oljeklede frå fabrikkane.

Kosthaldet var på gamal vis den fyrste tida eg kan hugse. Det var mest mjølk, søt og sur, mest surmjølk som var brukt til kakemat og brømat. Kakemat og brømat, flatekake og potetkake og flatbrød steikt på ei flat helle. Men i 80-åra tok dei til å lage tjukkekakor. Dei var steikt mellom to malmheller. Mjølet var havre og bygg. Pålag all mat avla og laga dei sjølv på øyane her. Mjølk og kjøt og flesk frå fjøsen, korn og poteter og grønsaker frå åkeren. Fisk og sild frå sjøen. Og når so all brukande innmat vart nytta, so vart det sunn og nærande mat. I kosthaldet vart nytta mykje feit mat. Flesk og lever av fisk, heimesmør og sild. Tannverk forekom nesten ikkje. Eg kan hugse berre ein mann som trakk ut ei tann i vår grend før 1890. I Ålesund var so vidt eg hugsar berre ein tannlekjar før nitti-åra gjekk inn.

Noko arbeid millom barn veit eg ikkje noko um, utan folkeskulen og det som heimen kunde gi. Lønstillhøva var elendige. Dagløna i offentlig arbeid kr 1,00 pr dag, eigen kost og 12 timar og ofte vel det. På garane kr 0,50 - kr 0,80 for kvinner og menn. Tenestegjenter kr 30,00 og eitt skopar og ull til strømper pr. år. Tenestegutar kr 60 til kr 80 og fri torskefiskje. Alle som arbeidde på gard fekk maten. I 1896 tente eg på ein gard og fekk kr 90 og fri torskefiskje og maten heile året. Inntekta på ei torskefiskje kunde dreie frå kr 100 - kr 300 ettersom fiskja og prisane på klippfisken var. I 1894 fekk me berre kr 4,50 for vog (18 kg) for klippfisken. Fyrste gong eg arbeidde for dagløn etter eg var konfirmert, var å skjera ein havreåker, eg dreiv på i 3 dagar frå kl 7 morgon til

det var mørkt om kvelden og fekk kr 5 og maten. Husbonden sa eg fekk god betaling då han visste eg hadde lite pengar. Dette var rikaste mannen i bygda og hadde største garden.

Prisane på alle varer var låge. Fekk meg ny bra fin dress, fabrikkty i 1897 for kr 45. Skomakarsko kr 10-12. Ein rugmjølsekk 100 kg kr 10-12 som kom i bruk i nittiåra kr 12-15. Mjølkeutsalg i byen som tok til i 1890-åra 8-10 øre literen. Fårekjøtt kring 50 øre kg. I 1905 var det kome opp i 60-65 øre kg. Levande ku kr 60-80, hest vaksen kr 200-300 kring 1900. I nittiåra var det bygd 4 store bondestover her i grenda. 2 stovor, stort kjøkken, 2 sidekammers, stor gang, 2 kvistar og ark til kostnadspris rundt kr 3000. I 1907 bygde eg stovehus 13x11 alen, 1,5 tasi (etasje) kr 4000. Open åttringsbåt 36-38 for kr 600-700. Dekksbåt med 6 hk motor (Alpha) 42 fot i 1907 kring kr 4000. Billettprisen på rutebåten Austnes-Ålesund steig frå 50 øre i 1890-åra til 65 øre kring 1905.

Arbeidstilhøva var i tidsbolken 1880-åra til 1905 dårlege. Små løner og liten etterspurnad om arbeidskraft og dei sosiale tilhøva må ein vel segja låg på eit lavt nivå. Skulane var dårleg utbygde med læremidlar og mange dårlege skulehus. Leikeplassar mangla på fleire stader. Mangelfull utdanning av lærarar, men stort sett aktive og trusøkne i sitt arbeid. Fagkrinsen liten i forhold til seinare tider. Kommunikasjonar lite utbygde. Dårlige vegar og fåe ruter til sjøs. Postføringa sein og utan landpostruter her på øyane kring 1905, og etter at her kom lanpostrute berre 2-3 gonger for vika. Men i 1890-åra tok det til med ei sosial og nasjonal vekking millom folk, men det har gått lange tider til å få dei sosiale krava stetta.

Å døma rettvist mellom ungdomen før og no er eit vanskeleg spørsmål. Me som er gamle hallar til den sida at ungdomen stort sett var betre før. Dei var meir økonomisk. Meir trusøkne og stødigare i alt arbeid. Dei var meir botne til heim og huslyd. Dei for ikkje land og strand rundt på alle slags gøy, som dansefestar og liknande. Moralen meiner eg var betra før. Ein må her ta i betraktning den tids opplysningsnivå når ein skal døme om før og notid. Notids ungdom har nok store føremunar på mange felt men inkje på alle. Med det ungdomen no får av goder på alle vis, burde dei vera prima menneskje. Vil ikkje døma her. Det same kan segjast om tida før og no.

Hermed har eg fortalt det meste av det eg hugsar og det er alt samem paalitande og sant (korekt). Tykkjer dette er felt mykje paa ein stil eller intervju. Tak det du meiner høver.

Helsing Gofar

Hermed har eg fortalt det meste av det eg hugsar og det er alt samem paalitande og sant (korekt). Tykkjer dette er felt mykje paa ein stil eller intervju. Tak det du meiner høver.

Helsing Gofar